




Nynorsk kultursentrum

Vinje-bibliografien

Skrifter av og om Aasmund Olavsson Vinje 1843–2016



Tillegg 2018

Ottar Grepstad

Innhold

Publiserte skrifter av A.O. Vinje	6
Drammens Tidende	7
Skrifter om A.O. Vinje	7
Dikt og viser	14
Radio- og tv-program	14
Arkivalia	15
Bonus: Vinje på Hedemarken 1863 og 1864	17
Talar og foredrag av A.O. Vinje 1851–1870	19

© 2018 Ottar Grepstad

Sist oppdatert 5. desember 2018

Framsida

Teikning av Finn Graff, 1983, første gongen publisert i Syn og Segn nr. 1 1984

Publisert på Vinjesenteret.no 11. desember 2018

Forord

Dette tillegget følger strukturen i *Vinje-bibliografien* frå 2017. Alt i alt er 95 innførslar komne til, og ein går ut. Dermed inneheld bibliografien 4454 innførslar.

Ti av dei nye innførslane gjeld publiserte tekstar av A.O. Vinje i Drammens Tidende – tre Christiania-korrespondansar og sju andre stykke. 79 innførslar er tekstar om A.O. Vinje, medrekna 5 dikt. Også eitt nytt radioprogram er spora opp.

Delar av det nye materialet har kome til gjennom arbeidet me ein studie av den nynorske feiringa som blei publisert i *Forfattarens skriftstader. Litterære museum i norsk minnepolitikk* (2018). Anna er fanga opp i arbeidet med eit essay om Vinje som talar og talekritikar, publisert i *Skriftstader. Tidssignal frå det 21 hundreåret* (2018). Det stykket blei seinare utvida og redigert til foredraget «Vinjes retoriske teori og praksis» på Vinje-konferansen 2018 ved Høgskulen Sørøst-Noreg i Bø 29.11.2018.

To bonusspor er tekne med. Det eine er omtalar av eit Vinje-besøk på ein marknad. Det andre er eit redigert utdrag frå *Vinje-bibliografien* med alle talane og foredraga, saman med nokre korrigeringar. Notisar om talar er ikkje tekne med.

For nokre innførslar er det ført inn rettingar, og desse er understreka. Nye innførslar er nummererte med B som første tilleggsbokstav.

Vinje-bibliografien blir seinare publisert i digital form. Der er alle endringane frå dette tillegget redigerte inn der dei hyrer heime.

Vinje, 23. august 2018 / Volda 5. desember 2018

Ottar Grepstad

Publiserte skrifter av A.O. Vinje

1853

84. «Ludvig Miese». *Illustreret Nyhedsblad* 24.12.1853. Paul Botten-Hansen skreiv seinare at fleire ville seie opp bladet etter at han hadde trykt denne artikkelen («A.O. Vinje – Dølen», *Illustreret Nyhedsblad* 12.7.1863).

1030. «Påskesalme». *Den norske Tilskuer* 16.4.1853 med ein kommentar datert påskedag 1853. *Skrifter i Samling*, V, 1921 og 1993, s. 39–40; *Skrifter i Samling*, 5, 1948, s. 43–44. Diktet er skrivi «i øvre-thelemarkisk Maal», skriv *Norsk Forfatter-Leksikon*, s. 158. Vinje har utstyrt diktet med sju ordforklaringar.

1855

1761. «Korrespondance». *Drammens Tidende* 20.5.1855. Om 17. mai-feiringa. Vinje refererer kort sin eigen skåltale i Studentersamfundet «da jeg ikke ved, om nogen Anden gjør det».

1857

1060. «Ved Stortingets Fest paa Eidsvold 17de Mai 1857». *Drammens Tidende* 17.5.1857. Også utgitt som særprent. *Skrifter i Samling*, 5, 1948, s. 67–68. Skrive på oppmoding til komiteen for Stortingets fest på Eidsvoll. «Det er ikke saa godt at skrive nogen god Sang til 17de Mai, hvorfor man da heller aldrig skal se nogen, som er Tak værd. At lovprise Friheden og laste Trældommen bliver en moralsk eller filosofisk, men ingen poetisk Tale: det er et Forstandens, men ikke et Følelser Sprog». skriv Vinje i sin kommentar til songen i avisa.

88B. [Skulelærarmøte på Hamar]. *Drammens Tidende* 9.8.1857. Vinjes eige referat av tale på skulelærarmøte på Hamar. Med diktet «Paa Hamars ruiner», åtte strofer.

88C. [Russelag på Bygdøy]. *Drammens Tidende* 16.8.1857. Vinjes eige referat av tale for russelaget 12.8.1857. Med diktet «Studenter vi ere».

88D. [Seminalet i Asker]. *Drammens Tidende* 9.10.1857. Vinjes eige referat og utdrag frå tale ved avduking av eit målarverk 4.10.1857.

1062B. «Der tales og synges idag for ein Mand». *Drammens Tidende* 9.10.1857. Fem strofer. Song til avduking av eit kunstverk på Asker seminar 4.10.1857. Vinje delte sjølv ut songen, som altså låg føre i særtrykk. Ikkje med i *Skrifter i Samling*.

1858

100–137E. «Bladsjaa». *Dølen* 18.12.1859, 29.1., 5.2., 19.2.1860, 11.10.1868.

Verkutgivarane Halfdan Halvorsen og Vetle Vislie tok i *A.O. Vinjes Skrifter i Utval*, 4, Kristiania 1887 med åtte artiklar under samlenemninga «Bladsjaa» som Vinje sjølv hadde gitt andre titlar: «Innanlands» 9.1.1859, «Morgenbladet og Aftenbladet» 17.4.1862, «Folketidende» 19.11.1865, «Norsk Folkeblad» 6.1.1866, «Morgenbladet» 8.3.1868, «Tvo Procent» 15.3.1868, «Morgenbladet» 5.4.1868, «Morgenbladet» 5.7.1868, «Den norske Presse og Bønderne i Norges Storting» 29.11.1868, opplyser Kristian Lødemel Sandberg i e-post 3.11.2018.

90B. [Minnesmerket over Peder Fauchald]. *Drammens Tidende* 23.5.1858. Vinjes eige referat av tale ved avduking av minnesmerke over Fauchald på Toten 17.5.1858. Med songen «Ved Indvielsen af Mindesmærket over Fauchald».

90C. «Tale for et frit, nationalt Folk». *Drammens Tidende* 23.5.1858. Vinje nemner at han heldt ein slik tale på festen etter avdukinga av minnesmerket for Fauchald.

1863

388. Tale på fesjå på Storhamarjordet, Hamar, om lag 29.9.1863. Kort referat i Olaus Arvesen: *Oplævelser og erindringer fra 1830-aarene og utover*, Kristiania 1912, s. 64, og i Chr. Ramseth: *Hamar bys historie. Til 50 aars jubileet 21 mars 1899*, Hamar 1899, s. 161 ff.

1864

1247B. Vise om Hedemarken. Skriven til marknad på Storhamarjordet, Hamar, september 1864. To linjer referert i Olaus Arvesen: *Oplævelser og erindringer fra 1830-aarene og utover*, Kristiania 1912, s. 64: «O Hedemarken, stort og stolt og staut, / du før paa mange gjilde folk og endaa fleire naut!»

1870

966. «Diktaren kan ikke vera Statsmann og Politkar». *Dølen* 27.3. og 3.4.1870; *Dagbladet* 29.2.1870. *Skrifter i Utval*, 1, 1883, s. 734–741; *Skrifter i Samling*, II, 1917 og 1993, s. 384–390; *Skrifter i Samling*, 2, 1944, s. 391–397. Kommentar til artikkelserien «Politiske Knuder, I–III» i *Morgenbladet* 13.3., 16.3. og 20.3.1870.

Drammens Tidende

Tre tillegg frå Aasmund Olavsson Vinje: *Korrespondentbrev til Drammens Tidende 1851–1859*. Tekstkritisk utgåve ved Nina Marie Evensen og Jon Haarberg, Oslo 2018, *Bokselskap.no*.

1794B. «Korrespondance». *Drammens Tidende* 5.10.1855.

1982B. «Korrespondance». *Drammens Tidende* 1.8.1858.

1982C. «Korrespondance». *Drammens Tidende* 8.8.1858.

Skrifter om A.O. Vinje

1870

- 26B «A.O. Vinje». *Dagbladet* 30.7.1870. Notis om at han er utskreven frå Rikshospitalet og no er på Hadeland.
- 26C Notis om at Aasmund Olafsen Vinje er død. *Morgenbladet* 1.8.1870.
- 26D «Telegrammer». *Bergens Adressecontours Efterretninger* 2.8.1870. Ordlyden er knapp: «Kristiania: O.A. Vinje er død».
- 26E «Dødsfald». *Fedrelandet* 3.8.1870. Notis om at Vinje er død.
- 26F «Bekjendtgjørelser». *Morgenbladet* 11.8. og 12.8.1870. Svogeren Karl Kjeldseth kunngjer til «fraværende Slægt og Venner» at Vinje er død. Kunngjeringa er datert 8.8.1870.
- 26G «Om Schweigaard». *Aftenposten* 9.11.1870, *Morgenbladet* 15.11.1870 og fleire seinare nummer. Annonse for boka på nynorsk frå Alb. Cammermeyers Forlag.
- 26H «I Kommission». *Morgenbladet* 11.12.1870. Notis om boka *Om Schweigaard*.

1886

- 6 Vik, Oddmund: «Aasmund Olavson Vinje». *Menneskevennen* 7, s. 49–51. Portrett. Også trykt i Ekko nr. 16 1886 og Maanedshilsen nr. 6 1886.

1887

- 20 Vislie, Vetle: «Vinjes Barndomshjem». *Folkebladets julenummer* 1887, s. 37.

1888

- 12 [Om Vinjes spådomar]. *Rodhuggeren* nr. 8 og 9 1888.

1889

- 3 Aslak A. Haugen: «Vinjestytta», *Bergens Tidende* 27.3.1889.

1893

- 4 «Vinjestøtten», *Dagbladet* 26.9.1893.
- 5 «Vinjestøtten». *Tromsø Stiftstidende* 10.10.1893.

1894

- 2 «Minnestytta til A.O. Vinje», *Varden* 3.1.1894.
- 3 X: «Vinjestytta». *Varden* 3.11.1894. Innlegg på dialekt.

1895

Ordsките om minnestein i Vinje

Kronologisk ordna i tillegg til innførsel 1895 nr. 4 og 5 i boka.

- 6 A.: «Hr. redaktør!» *Fremskridt* 8.1.1895.

- 7 «Vinje-støtten», *Varden* 8.1.1895. Referat av stykket i *Fremskritt*.
 8 [Aslak Haugen] Den eine: «Vinjestytta», *Varden* 24.1.1895, datert Vinje
 12.1.1895
 9 12: «Vinjestøtten», *Varden* 31.1.1895, datert Vinje 8.1.1895.
 10 [Aslak Haugen] A.H.: «Um Vinjestytta», *Varden* 2.3.1895, datert Vinje 3.2.1895.
 11 12: «Lidt mer om Vinjestøtten», *Varden* 30.3.1895, datert Vinje 7.3.1895.
 12 [Aslak Haugen]: A.H.: «Til Hr. 12 um Vinjestytta», *Varden* 6.6.1895.

1896

- 4 Bjørnson, Bjørnstjerne: Om Vinje. *Kringsjaa* 1896, s. 571.

1899

- 12 Chr. Ramseth: *Hamar bys historie. Til 50 aars jubileet 21 mars 1899*, Hamar 1899, s. 161 ff. Kort omtale av Vinje på den nyopna Hamar-marknaden september 1863.

1900

- 10 Hovden, Anders: «Vinje». *Den 17de Mai* 29.10.1900 og *Bien* 1900, s. 29. Dikt.

1902

- 17 Vinje, Olaf O.: Brev til Rasmus B. Anderson januar 1902. *Årbok for Telelaget*, 53, 1926, s. 77–79.
 18 Vinje, Olaf O.: «Den gamle stoga». Dikt om Vinjestoga i brev til Rasmus B. Anderson januar 1902. *Årbok for Telelaget*, 53, 1926, s. 80–81.
 24 «'Vinjestoga'». *Aftenposten* 13.9.1902.
 25 «Vinjekvelden». *Nordenfjeldske Tidende* 5.11.1902. Referat frå arrangement i Bondeungdomslaget i Oslo søndag 1.11.1902.
 26 «Vinje-stoga». *Asker og Bærums Budstikke* 12.11.1902.
 27 «Vinjestuen og Vinjebautaen». *Allers Familie-journal*, tillegg til nr. 45 1902.

Ut

- 19 Vinje, Olaf O. «The old house». Dikt om Vinjestoga datert St. Olaf, Minnesota 2.11.1900. *Yearbook for Telelaget* 1926 og *Telemark to America*, III, Minnesota 2011, s. 178.

1904

- 26 [Sveinsson, Olaf] O.S.: Om Vinjes fødestad. *Norsk Ungdom. Illustreret ugeblad for ungdommen og hjemmet* 1904, s. 76.

1906

- 4 A.U.: «Ein tur til Jotunheimen». *Valdres* 5.6.1906, før trykt i *Hordaland*. Skildring av ein tur med vitjing i Vinjebui, der eigaren Ole Røisheim tok imot: «Me kjende oss heilt gripne. Huva smatt av oss.».

5 Janson, Kristofer: Dikt. *Norsk ungdomsblad* 1906, s. 41.

1907

4 Vullum, Erik: «Eidsbugaren. Berner, Sars, Vinje». *Verdens Gang* 27.8.1907 og *Valdres* 29.8.1907.

6 G.H.: «Eidsbugaren». *Valdres* 9.5.1907. Med skildring av interiøret i Vinjehytta. «Vinjestuen er lav under loftet. Den består af et lidet firkantet kjøkken og et endda mindre soverum.»

1908

14 [Aanesen, Edvard]: «Indberetning om sekretærens inspektions- og undersøkelsesreise sommeren 1907». *Den norske Turistforenings Aarvog for 1908*, s. 199–200. Det går fram av artikkelen at ekteparet Ole og Rønnaug Røisheim enno bur der. Sekretæren tek til orde for at det bør lagast til eit Vinje-museum i huset.

15 O.F.: «Reisebrev. Fottur over Haukelifjeld». *Øieren* 29.7.1908. Vitjing i Vinjetoga: «En del gamle Brev fra Vinje ligger der i en Skuf.» Nokre av dei er til Aslak Uppistog.

1909

10 Vinje, Olaf O.: [Sjølviografi]. *Telesoga* nr. 1 mars 1909, s. 54–59. Med merknader av Torkell Oftelie.

13 Hovden, Anders: Epigram om A.O. Vinje. *Urd* 1909, julenummeret. Dikt.

14 «Vinjeminne i Jotunheimen». *Indtrøndelagen* 26.4.1909.

1911

7 Handagard, Idar: «Torgeir Stefansson Tjønn». *Morgenposten* 18.11.1911. Omtale av ein av dei siste dålevande vennene til Vinje.

1912

8 Berge, Rikard: *Olav Fetveit*. Bygdedigting paa Telemarki [sic], 4. *Telesoga* nr. 11 mars 1912, Fremad Publishing, Eau Claire, Wisconsin 1912, s. 3–21. Om forholdet mellom A.O. Vinje og Olav Fetveit, med karakterane deira frå Askerseminaret i 1843

1913

13 «Aasmund Vinje». *Telesoga* nr. 16 juni 1916, s. 32–34.

Ordsifte om Vinje-museum på Eidsbugarden

Kronologisk ordna

14 Moe, Olav: «Vinjestova ved Eidsbugaren». *Valdres* 11.9.1913. Kommentar til kritikk måten Vinjebui blir forvalta på i eit tidlegare nummer.

- 15 «Vinjestuen ved Eidsbugaren». *Aftenposten* 13.9.1913. Referat frå ordskiftet i *Valdres*. Huset blir her omtala som ein diktarheim.
- 16 Alfstad, Ola K.: «Vinjestuen paa Eidsbugaren». *Valdres* 20.9.1913. Svar til Moe 11.9. Han vil setje huset tilbake til sin opphavlege stand og gjere det om til Eidsbugaren museum. Alfstad vil ikkje at dette skal bli eit tiltak for målsaka åleine eller berre m Vinje.
- 17 «'Vinjestuen' paa Eidsbugaren». *Aftenposten* 24.9.1913. Referat av innlegget til Alfstad.
- 18 Skattebu, G.A.: «Vinjetova paa Eidsbugaren». *Valdres* 25.9.1913. Svar til Alfstad med vekt på at det er Vinje dette må handle om.
- 19 John Brandts gjenlevende barn: «Vinjestova det eneste rette namn». *Valdres* 27.9.1913. Svar til Alfstad 20.9. Saman med Heftye eigde dei Vinjebui til 1905.
- 20 –Per: «Vinjestova paa Eidsbugaren». *Valdres* 30.9.1913.
- 21 «'Vinjestova' endnu en gang». *Aftenposten* 30.9.1913. Referat av innlegget til John Brandts barn 27.9.
- 22 Alstad, Ola K.: «En tur i Jotunheimen». *Valdres* 23.10.1913. Det viktigaste no meiner han er å få lagt telefonlinje til staden.

1917

- 12 Moe, Olav: «Vinjestova paa Eidsbugaden». *Den 17de Mai* 1.9.1917. Også trykt i *Valdres* 30.8.1917. Ein kommentar til oppslag i *Tidens Tegn om Vinjestova*. Moe viser til den motbøra han fekk for nokre år sidan, i 1913, då han ville få orden på Vinjebui.

1918

- 60 Hovden, Anders: «Vinje». *Telesoga* nr. 36 juni 1918, s. 30–32. Dikt.
- 61 Midttun, Olav: «Fjellmannen Vinje». *Valdres* 5. og 7.9.1918. Tale på Eidsbugarden 1.9.1918.
- 62 «Vinjeskrine». *Telesoga* nr. 38 desember 1918, s. 24–25.

1919

- 4 Haukenæs, Th.S.: «Paa vitjing i Vinje. Fødestaden aat diktaren». *Norig* 28.10.1919. Frå dagboka til Haukenæs, innførsel 10.8.1905.
- 8 Ucker, Jack: «Vinjemuseum på Eidsbugarden». *Nationen* 19.8.1919.
- 9 «Eit Vinje-minne». *Den 17de Mai* 5.8.1919. Referat frå eit innlegg i *Tidens Tegn* frå ein som fortel at landpostbodet i Leirskogen ved eit slumpetreff hadde kjøpt ei klokke i Begnadalen med «Aasmund Olavson Vinje» gravert på baksida.

1921

- 10 «Valdres historielag». *Den 17de Mai* 13.10.1921. Referat frå årsmøte i Valdres historielag på Eidsbugarden. Formann Ødegaard reknar det som sikkert at laget kjøper Vinjebui.

- 11 «Vinje museet paa Eidsbugaren». *Aftenposten* 13.10.1921 og *Bergens Tidende* 15.10.1921. Referat frå årsmøtet i Valdres historielag der formannen hadde opplyst at lensmann Thune hadde fått i oppdrag å kjøpe huset for historielagets rekning. Eigaren skal vere villig til å godta ein pris på 1000 kroner, og ein privatperson har lova å gi laget ein slik sum.

1922

- 8 Th.B.: «Fraa Vinjeplassen». *Den 17de Mai* 13.9.1922 og *Innherreds-posten* 20.9.1922. Opptrykk etter *Agderposten*.

1926

- 19 Eivinskaas, Anders: «Paa ferd etter folkedikting med Aasumnd Vinje». *Årbok for Telelaget*, 53, 1926, s. 62–72. Med innleiing av Torkel Oftelie.
- 20 Vinje, Olaf O. «Den gamle stoga». *Årbok for Telelaget*, 53, 1926, s. 80–81. Dikt om Vinjestoga i brev til Rasmus B. Anderson, januar 1902. Utvida variant trykt i *Norsk Tidend* 1970.

1930

- 8 Hanssen, Olaf: «Kring det fyrste maaldiktet hans Aasmund Olavsson Vinje». *Den 7de juni* nr. 2 1930.

1944

- 3 Sandemose, Aksel: *Det svundne er en drøm*. H. Aschehoug & Co., Oslo 1944, s. 211–224.
- 5 Sandemose, Aksel: *Det gångna är en dröm. Papper, efterlämnade om norskamerikanaren John Torson till hans son i Norge. 1939–1944*. Stockholm 1944, s. 239–254. Den svenske utgivinga var førsteutgåva av verket.

1963

- 10 Gjermundsen, Olav: «A.O. Vinjes engelske bok». *Nationen* 1.8.1963.

1968

150-årsjubileet i Vinje

Kronologisk ordna

- 55 Auberg, Arne: «Stor minnestemne for Vinje». *Hardanger* 207.1968.
- 56 b.j.: «Fine program og heilt fullsette hus i Vinje –». *Varden* 29.7.1968.
- 57 [Edland, Åsulv] Åsulv: «Heile Vinje er med å lage fest til 150-årsminnet for A.O. Vinje». *Varden* 24.7.1968. Intervju med ordførar Aslak O. Versto. Jubileumshelga er 27. og 28.7.1968.
- 58 [Edland, Åsulv] Åsulv: «Plassen – før og no». *Varden* 24.7.1968.

- 59 [Edland, Åsulv] Åsulv: «'Alle seier ja til å vera med'». *Varden* 24.7.1968. Intervju med formann Liv Lofthus i jubileumsnemnda, der også desse er med: Knut Høgetveit, Åmund Lie, Aslak Nordstoga og Halldis Moren Vesaas.
- 60 [Edland, Åsulv] Åsulv: «Han har set tone til 'Lenda frå Land'». *Varden* 24.7.1968. Intervju med Åge Madsen.
- 61 «Det kom ein gut or Vinje grend». *Varden* 29.7.1968. Med utførleg referat av jubileumstale ved Olav Midttun.
- 62 «Sambygdingane tala av og ikkje om Vinje». *Telemark Arbeiderblad* 8.4.1968. Referat frå 150-årsfest på Vinjar samfunnshus laurdag 6.4.1968 med om lag 300 gjester.
- 63 «I fjell-katedralen vart han klokkar for det norske folk». *Telemark Arbeiderblad* 8.4.1968. Referat frå Olav Fundlids jubileumstale ved Vinje-statuen i Skien laurdag 6.4.1968.

1975

- 8 Davidsen, Øyvin: *Opprinnelsen. Drammens Tidende og Buskerud Blad*, band 1, 1975, s. 192–200. Kapittelet «A.O. Vinje. Vinje som korrespondent» med utdrag frå mange korrespondansar i 1851 som då ikkje hadde vore trykte opp att.

1976

- 2 «En Drammens-avis og mennene som skrev». *Arbeiderbladet* 23.2.1976. Omtale av Øyvin Davidsens bok *Drammens Tidende og Buskerud Blad*, band 1, 1975.

1978

- 7 Oudenstad, Halvard: «Lenda frå Land». *Årbok for Gjøvik – Tverrdalene*, 1, Gjøvik 1978, s. 74 ff.

1982

- 10 Heiestad, Sigurd: «Da thranittene Vinje og Balke lagde valgkamp». *Arbeiderbladet* 20.2.1982. I serien «Minner fra den indre by».

1992

- 14 Bjugn, Sissel Solbjørg: «Ottokar, ottokar». *Tornekysset*, Det Norske Samlaget, Oslo, s. 43. Dikt.

1994

- 10 Økland, Einar: «Vinje». *Heile tida heile tida*, Det Norske Samlaget, Oslo 1994, s. 17. Dikt. Skrive til opning av Vestlandsutstillinga i Stavanger, som eit dikt til eit tenkt portrett av Vinje, og som ein del av ein serie. Diktet blei ikkje brukt ved det høvet.

2000

- 1–3 Martinsen, Thor: «Aasmund Olavsson Vinje på Vinger». *Glåmdalen* 30.9., 7.10. og 14.10.2000

2004

- 1 Løvland, Birger: «1860-årene – Aasmund Olavsson Vinje drar til fjells», i *Pionerer i Jotunheimen – ferder forbi Eidsbugarden på 1800-tallet*, Norsk Fjellmuseum, Lom 2004, s. 22–34.

2011

- 5 Berge, Rikard: «Olav Fetveit». *Telemark to America, III. Settlements, biographies and Telemark lore*. Telelaget of America, [Houston] 2011, s. 104–112. Utgitt på norsk i 1911, omsett til engelsk ved Dordi Round utan fotnotane i originalutgåva.
- 6 Vinje, Olaf O.: Letter to Rasmus B. Anderson, January 1902. *Telemark to America, III. Settlements, biographies and Telemark lore*. Telelaget of America, [Houston] 2011, s. 176–179. Til engelsk ved Dordi Round. Den norske originalteksten trykt i *Årbok for Telelaget*, 1926.
- 7 Vinje, Olaf O.: «The old house». *Telemark to America, III. Settlements, biographies and Telemark lore*. Telelaget of America, [Houston] 2011, s. 178–179. Dikt om Vinjestoga i brev til Rasmus B. Anderson januar 1902, trykt på norsk i *Årbok for Telelaget*, 53, 1926, s. 80–81. Til engelsk ved Dordi Round. Diktet er på 13 strofer og er ein utvida variant av det diktet som er datert 1900 og trykt i *Norsk Tidend* 1970.
- 8 Vinje, Olaf O.: [Autobiography]. *Telemark to America, III. Settlements, biographies and Telemark lore*. Telelaget of America, [Houston] 2011, s. 102–104. Til engelsk ved Dordi Round. Trykt på norsk i *Telesoga* nr. 1 mars 1009.

2015

- 6 Tjønneland, Eivind og Idar Stegane: «Vinje om stilen – nokre merknader». *RET 101 Allmenn og praktisk retorikk*, kopisamling, Institutt for infomedievitskap, Universitetet i Bergen 2015, 10 s.
- 7 Torgergsen, Ragnar: *Hvorfor er Aasmund Olavson Vinje begravd på Gran kirkegård på Hadeland?* Privattrykk, [Gran] 2015, datert Sjo 17.11.2015, 37 s.

Dikt og viser

Bjugn, Sissel Solbjørg: «Ottokar, ottokar». *Tornekysset*, Det Norske Samlaget, Oslo, s. 43.

Hovden, Anders: Epigram om A.O. Vinje. *Urd* 1909, julenummeret.

Hovden, Anders: «Vinje». *Telesoga* nr. 36 juni 1918, s. 30–32.

Janson, Kristofer: Dikt. *Norsk ungdomsblad* 1906, s. 41.

Vinje, Olaf O.: «Den gamle stoga». Dikt om Vinjestoga i brev til Rasmus B. Anderson januar 1902. Årbok for Telelaget, 53, 1926, s. 80–81. Utvida variant trykt i Norsk Tidend 1970.

Økland, Einar: «Vinje». *Heile tida heile tida*, Det Norske Samlaget, Oslo 1994, s. 17. Skrive til opning av Vestlandsutstillinga i Stavanger, som eit dikt til eit tenkt portrett av Vinje, og som ein del av ein serie. Diktet blei ikkje brukt ved det høvet.

Radio- og tv-program

16.7.1935 Radio 20.00–20.30

«Vinje og dei fyrste fjellturistane våre». Foredrag ved Olav Midttun. Omtalt i *Arbeiderbladet* 17.7.1935: «Med sitt kjennskap til det han talte om hadde han betingelser for å yde det fremragende, men også over ham var det kommet noe rastløst.»

7.4.1968 Radio 13.45–14.30

«Lang og slåpen, i halvdrøm – på ytterste linje –». Aasmund Olavsson Vinje slik samtida såg han. Ved Birgit Gjernes og Ivar Eskeland.

Arkivalia

Ms. 4° 3470, Nasjonalbiblioteket

1968

Ivar Eskeland: «Vinje – slik samtida såg han». Radioprogram ved Ivar Eskeland og Birgit Gjernes. Maskinskrive. 24 s. Sendt 7.4.1968.

Vinje på Hedemarken

1863 og 1864

Olaus Arvesen skildrar i *Oplævelser og erindringer fra 1830-aarene og utover* (1912, s. 64) Vinje på fesjå ein stad på Hedemarken. Hendinga er verken tid- eller stadfesta av Arvesen, men det er den i Hamar bys historie av Chr. Ramseth.¹

Grundsetmartn på Elverum var ein av dei store marknadene i Noreg. I Hamar og omegn tok ein til orde for ein eigen marknad på Hamar kring 1850. Søknader måtte skrivast og sendast, meir enn ein gong, og våren 1863 gav regjeringa gjennom kongeleg resolusjon løyve til ein haustmarknad i tre år, som ei prøveordning. Marknaden opna 29. september 1863. Særleg invitert gjest var A.O. Vinje «i betragting af sit bekjendtskab til folk og fe», som det heitte i ei melding om marknaden. Ute på Storhamarjordet, no Domkirkeodden, heldt Vinje ein fesjåtale: «Publikum lo og klappede». Ramseth fortel at Vinje snakka om «sultefordringen, der anvendt med maade giver madlyst, saa nautet feitnar bagefter som det støipende lys; han talte om den bekransede okse, der har faaet 'ordenstegn' for sine fortræffelige egeneskaber, om køiets skjønhed og om grisen med alle dens gode sider ogsaa som 'en stor logiker'. Begyndelsen var saaledes baade livlig og lovende; men fortsættelsen var ikke derefter.»

Etter dei tre prøveåra var det ganske brei semje om at marknaden burde halde fram. Ein av dei som ønskte det, var Olaus Arvesen, han som i 1864 opna Sagatun folkehøyskole i Vang saman med Herman Anker. Med åra blei ei hesteutstilling den viktigaste delen av marknaden på Hamar.

«Fortsættelsen var ikke derefter», står det i byhistoria. Kva som då kom, fortel nettopp Arvesen om i memoarane sine. Den vaklande rettskrivinga, særleg i sitata frå talen, tyder på at det heile var eit munnleg minne for Arvesen. Han var nok til stades og hørde Vinje snakke.

Til de aarlige fæsjaer rundt om, særlig paa Hedemarken, blev han stadig hentet. Ved et av disse, hvor præmierte okser og kjør stod i rad og række med præmiesløiferne paa, holdt han engang festtalen. Nu skulde det træffe, at flere av «Sjaaets» honoratiores (amtmand, skriver, fut og et par officerer) stod ret foran taleren og hadde sine ordner paa; ti fæsjaeene og særlig festtalerne ved disse var, i de dage ialfald, en distriktsbegivenhet av rang. Vinje stod paa talerstolen, og vittighetsdjævlen for straks i ham: «Ja godt folk», lød det længer ut i talen, «naa er vi komne saa langt, at ogsaa okserne og jamvel kuene vore faar ordner. Du kan sjaa paa

¹ Chr. Ramseth: *Hamar bys historie. Til 50 aars jubileet 21 mars 1899*, Hamar 1899, s. 161 ff. Takk til Ingun Aastebøl og Bjørn Sverre Hol Hagen ved Anno museum for hjelp med å finne denne kjelda.

dem, hvor kry de er! Det er andet te karer naa, end før de fik disse fine sløifeme; saa skjønner de sjøl, at de vist maa ha gjort «sig fortjent av samfundet». Det var kanske mange, som inte skjønte det før. Jamen er det mye klogt dette med ordner; disse gjilde okserne kommer ogsaa i mykje større pris, naar de har faat slike. Dette trur de vist ogsaa sjøl nu idag, for hvor de reiser paa hoderne. Aa saa er kuene ogsaa med her; dyra er komne længer end vi, for vi har glemt, at vore kvin der ogsaa har 'fortjenester'. Aa jau det kjem vel». — I denne genre gik talen. Bakefter tok en av bestyrerne fat i ham, dette hadde været for vaagsomt; slikt burde ikke sies, «Hedemarkingen liker ikke saadant» o. s. v. Vinje blev allikevel indbudt ogsaa næste aar, men da hadde han med sig et svar i skikkelse av en vise til Hedemarken; denne fandt man imidlertid saa dryg, at han, saavidt jeg vet, aldrig blev indbudt mer. Jeg mindes bare to linjer av visen, men disse var saavisst spidse nok:

«O Hedemarken, stort og stolt og staut,
du før pa mange gjilde folk og endaa fleire naut!»

Til Hamarmarknaden i september 1864 hadde altså Vinje skrive ei vise om Hedemarken, truleg som allsong. Dei to linjene ser det ut til at Arvesen er reinaste kjelda for, og dei er ikkje med i noka verkutgåve. Mellom april 1863 og oktober 1865 kom berre to nummer av Dølen – 25.10.1863 og 13.3.1864. Hamar-turen er unemnd i oktobernummeret.

I den udaterte talen «Paa Fesjaa», trykt i *Blandkorn* i 1867, snakkar Vinje mykje om grisen, rettare sagt svinet. Det gjer det sannsynleg at delar av det stykket er frå talen på Hamar fire år tidlegare.

Talar og foredrag av A.O. Vinje 1851–1870



Tivoliet og festlokalet Fredriksborg på Bygdøy, der Vinje heldt fleire festtalar, fotografert i tidsrommet 1863–1883. Foto Ole Tobias Olsen, Oslo Bymuseum

1851

Tale på Kosuth-fest i regi av selskapet Germania i Kristiania 6.11. eller 8.11.1851. REFERAT «Korrespondance». *Drammens Tidende* 12.11.1851 (bortkome). Utdrag i *Morgenbladet* 14.11.1851 og *Illustreret Nyhedsblad* 15.11.1851. Ludvig Kossuth hadde gjort opprør i Ungarn og måtte flykte til USA. Vinje skreiv eit dikt til den festen, eit dikt om festen og heldt ein tale der. Olav Midttun nemner datoen 8.11.1851 i *Skrifter i Samling*, II, 1916 og 1993, s. 396 og i *Skrifter i Samling*, 2, 1944, s. 406, men 6.11.1851 i *Skrifter i Samling*, V, 1921 og 1993, s. 394.

1855

Skåltale i Det norske Studentersamfund, Kristiania 17.5.1855. REFERAT «Korrespondance», *Drammens Tidende* 20.5.1855. Vinje refererer kort sin eigen skåltale «da jeg ikke ved, om nogen Anden gjør det».

1857

[Skulelærarmøte på Hamar]. REFERAT *Drammens Tidende* 9.8.1857. Vinjes eige referat av tale på skulelærarmøte på Hamar. Med diktet «Paa Hamars ruiner», åtte strofer.

[Russelag på Bygdøy]. REFERAT *Drammens Tidende* 16.8.1857. Vinjes eige referat av tale for russelaget 12.8.1857. Med diktet «Studenter vi ere».

[Seminaret i Asker]. REFERAT *Drammens Tidende* 9.10.1857. Vinjes eige referat og utdrag frå tale ved avduking av eit målarverk 4.10.1857.

1858

[Minnesmerket over Peder Fauchald]. REFERAT *Drammens Tidende* 23.5.1858. Vinjes eige referat av tale ved avduking av minnesmerke over Fauchald på Toten 17.5.1858. Med songen «Ved Indvielsen af Mindesmærket over Fauchald».

«Tale for et frit, nationalt Folk». REFERAT *Drammens Tidende* 23.5.1858. Vinje nemner at han heldt ein slik tale på festen etter avdukinga av minnesmerket for Fauchald.

1859

Tale i Akers Sogneselskab 5.4.1859. TRYKK «Om Jordeværdet». *Dølen* 10.4. og 22.5.1859. *Skrifter i Utval*, 4, 1887, s. 446–454; *Skrifter i Samling*, I, 1916 og 1993, s. 251–258; *Skrifter i Samling*, 1, 1943, s. 274–281.

Tale I på Eidsvoll 17.5.1859. TRYKK «Tale til 17de Mai 1859», *Dølen* 15.5.1859. *Skrifter i Utval*, 1, 1883, s. 97–102; *Skrifter i Samling*, III, 1919 og 1993, s. 77–81; *Skrifter i Samling*, 3, 1946, s. 7–11.

Tale II på Eidsvoll 17.5.1859. TRYKK «Tale i Rikssalen paa Eidsvoll 1859», *Dølen* 22.5.1859. Utdrag frå referatet i *Dølen* trykt under denne tittelen i *Skrifter i Samling*, III, 1919 og 1993, s. 81–82; *Skrifter i Samling*, 3, 1946, s. 11–12.

Tale III på Eidsvoll 17.5.1859. TRYKK «Tale fraa Trappi att Eidsvollsbygningen», *Dølen* 22.5.1859. Utdrag frå referatet i *Dølen* trykt under denne tittelen i *Skrifter i Samling*, III, 1919 og 1993, s. 82–83; *Skrifter i Samling*, 3, 1946, s. 12–13.

Tale IV på Eidsvoll 17.5.1859. Tale for generalmajor Pauk Hansen Birch. REFERAT *Dølen* 22.5.1859.

224. «Kjøkemeister-Tale». *Dølen* 14.8.1859. Utdrag trykt under tittelen «'Russens' Brudlaup» i *Skrifter i Utval*, 1, 1883, s. 138–140. Talen blei halden av Kristofer Janson og står like før Vinjes kommentar.

Talar på hestesjå i Øyer 29. eller 30.8.1859. TRYKK «Paa Stav». *Blandkorn*, 1867, s. 60–73 (revidert form). *Skrifter i Utval*, 2, 1884, s. 535–541; *Skrifter i Samling*, III, 1919 og 1993, s. 108–116; *Skrifter i Samling*, 3, 1946, s. 36–44. Truleg ei samanskriving av talar på hestesjået på Stav i Øyer, Gudbrandsdalen i august 1859. REFERAT Vinje skildra fesjået i «Ei Utferd» i *Dølen* 4.9. og 11.9.1859 og refererer frå talen 11.9.1859. «Lillehammer, den 1ste Septbr», *Morgenbladet* 5.9.1859 etter *Christiania Amtstidende*. «Eg talade ikki fullt so norsk som her; det var Blandings-Gods», skriv Vinje i «Ei Utferd», *Dølen* 11.9.1859. MERKNAD 2018 Ikkje ført opp separat i *Vinje-bibliografien*, del 1.

Tale i Kristiania 24.10.1859. TRYKK «Tale ved Fruktutstillingi paa Børsen i Christiania den 24de October 1859», *Dølen* 30.10.1859. *Skrifter i Utval*, 4, 1887, s. 319–33; *Skrifter i Samling*, III, 1919 og 1993, s. 83–87; *Skrifter i Samling*, 3, 1946, s. 13–16.

Tale i Kristiania 29.12.1859. TRYKK «Tale for Kvinna. (Ved Femtiaars-Festen for 'Selskapet for Norges Vel').» *Dølen* 1.1.1860. Utdrag frå «Femtiaars-Festen» trykt under denne tittelen i *Skrifter i Samling*, III, 1919 og 1993, s. 87–90; *Skrifter i Samling*, 3, 1946, s. 17–20. REFERAT [Referat frå 50-årsfest for Selskapet for Norges Vel 29.12.1859], *Morgenbladet* 31.12.1859.

1861

Tale i Kristiania 12.4.1861. TRYKK «Min Tale for Danmark i Laget til C. Ploug», *Illustreret Nyhedsblad* 25.4.1861. Tale for redaktør Carl Ploug i den danske avisa Fædrelandet.

Tale i Russelaget i Kristiania 12.8.1861. TRYKK «Livet lovar ikki meir enn det helder. (Tale af 'Dølen' ved Russelaget paa Fredriksborg den 12te Aug. 1861)». *Illustreret Nyhedsblad* 18.8.1861. *Skrifter i Utval*, 4, 1887, s. 324–326; *Skrifter i Samling*, III, 1919 og 1993, s. 91–92; *Skrifter i Samling*, 3, 1946, s. 20–22. Tale på russefest på Bygdøy i Christiania. REFERAT *Morgenbladet* 14.8.1861.

Tale på Skedsmo september 1861. REFERAT «A.O. Vinjes Tale», *Christiania-Posten* 11.9.1861. Omtale av tale på skyttarfest i Skedsmo.

1862

Tale 17.5.1862. REFERAT «Christiania», *Drammens Tidende* 21.5.1862.

1863

Tale på skulelærarmøte i Kristiania august 1863. REFERAT «Skolelærermøde i Christiania», *Morgenbladet* 6.8. og 7.8.1863; *Dagbladet* 7.8.1863.

Tale på fesjå på Storhamarjordet, Hamar, om lag 29.9.1863. REFERAT Olaus Arvesen: *Oplævelser og erindringer fra 1830-aarene og utover*, Kristiania 1912, s. 64, og i Chr. Ramseth: *Hamar bys historie. Til 50 aars jubileet 21 mars 1899*, Hamar 1899, s. 161 ff. TRYKK Delar av talen er truleg med i «Paa Fesjaa», *Blandkorn* 1867.

1864

«Om Sverige». Foredrag i Universitetets festsal, Kristiania 1.11.1864. MANUSKRIFT Nasjonalbiblioteket Ms.4° 3485:1.a. Vinjes hand med rettingar. Også rettingar ved Vetle Vislie. 36 s. Dette var det første foredraget i ein planlagd serie på tre eller fire. I ei kunngjering frå Vinjes hand datert 28.10.1864 som ligg ved, er emnet for foredraget oppgitt til «Sverige og Svenske Forhold sammenlignede med de tilsvarende hos os». DIGITAL NBdigital: URN:NBN:no-nb_digimanus_257037. TRYKK *Skrifter i Utval*, 6, Kristiania 1890, s. 338–361. «Motto til ein Tale», mottoet i denne talen er trykt i *Skrifter i Samling*, V, 1921 og 1993, s. 202. REFERAT *Morgenbladet* 3.11.1864; «Norge», *Illustreret Nyhedsblad* 6.11.1864, notis: «Foredraget holdtes i Dølemaal».

Fleire foredrag om Sverige november 1864. MANUSKRIFT Nasjonalbiblioteket Ms.4° 3485:1.b. 1864. Utkast til de andre foredraga om Sverige, sjå ovanfor. Vinjes hand med rettingar. Dobbeltblad, nummererte 3–23. DIGITAL NBdigital: URN:NBN:no-nb_digimanus_257039.

1865

Tale i Kristiania 17.5.1865. TRYKK *Skrifter i Samling*, III, 1919 og 1993, s. 93–95; *Skrifter i Samling*, 3, 1946, s. 22–24. REFERAT «Tale ved Krogh-Stytta 17de Mai 1865», *Aftenbladet* 18.5.1865; *Morgenbladet* 19.5.1865. Referat frå debatt mellom Bjørnson og Vinje på møte i Studentersamfundet i avisa. Med replikk og svarreplikk.

Tale for Stortinget i Kristiania 21.11.1865. TRYKK «Fjellguten». *Dølen* 26.11.1865. Utdrag trykt under tittelen «Tale for Storthinget, halden i Studentersamfundet den 21de November 1865» i *Skrifter i Utval*, 4, 1887, s. 327; *Skrifter i Samling*, III, 1919 og 1993, s. 97–98; *Skrifter i Samling*, 3, 1946, s. 26–27. Tale på 20-årsfest for Studenternes Sangforening i Christiania.

«Af 'Folketidende'». *Dølen* 26.11.1865. Trykt under tittelen «Tale i eit Selskap av 'Bondevener'» i *Skrifter i Samling*, III, 1919 og 1993, s. 98–102; *Skrifter i Samling*, 3, 1946, s. 27–31. Vinje skreiv i *Dølen* at han ville halde den talen «um eg slspp inn». Søren Jaabæk hadde skipa Bondevenerne 20.2.1865.

1866

Tale i Russelaget i Kristiania august 1866. TRYKK *Dølen* 19.8.1866 og i *Blandkorn*, 1867. REFERAT [Referat frå fest i Russelaget i august 1866], *Morgenbladet* 19.8.1866.

1867

Tale i Kristiania 17.5.1867. TRYKK «Tale paa 17de Mai 1867». *Dølen* 19.5.1867; *Morgenbladet* 19.5.1867. *Skrifter i Utval*, 4, 1887, s. 334–337.

«17de Mai». *Blandkorn*, Christiania 1867, s. 74–84. *Skrifter i Utval*, 4, 1887, s. 338–344; *Skrifter i Samling*, III, 1919 og 1993, s. 116–122; *Skrifter i Samling*, 3, 1946, s. 44–50. Tale, «hev truleg aldri vore halden», skriv Vetle Vislie 1887 s. 583 og viser til Vinjes forord i *Blandkorn*.

«Paa Fesjaa». *Blandkorn*, Christiania 1867, s. 85–99. *Skrifter i Utval*, 2, 1884, s. 545–554; *Skrifter i Samling*, III, 1919 og 1993, s. 122–130; *Skrifter i Samling*, 3, 1946, s. 50–58. Denne talen har vel Vinje «snaudt halde i denne formi», skriv Olav Midttun i merknad s. 409.

1868

Tale i Christiania Skolelærerforening 13.1.1868. TRYKK «I Christiania Skolelærerforening», *Dølen* 2.2.1868. Trykt under tittelen Tale for Lærarinnerne» i *Skrifter i Utval*, 4, 1887, s. 345–347; *Skrifter i Samling*, III, 1919 og 1993, s. 130–133; *Skrifter i Samling*, 3, 1946, s. 58–61.

Tale i Christiania Arbeidersamfund 23.2.1868. TRYKK «Til Aarsfesten i Christiania Arbeidersamfund», *Dølen* 1.3.1868. Trykt Under tittelen «Tale paa Aarsfesten i Christiania Arbeidersamfund» i *Skrifter i Utval*, 4, 1887, s. 348–349; *Skrifter i Samling*, III, 1919 og 1993, s. 133–134; *Skrifter i Samling*, 3, 1946, s. 61–62. REFERAT «Christiania», *Almuevennen* 4.3.1868. Bladet skriv at dei trykkjer foredraget i *Tillæg*, men dette tillegget er ikkje funne.

Tale på Eidsvoll 12.4.1868. TRYKK «Til Eidsvoll», *Dølen* 19.4.1868. Trykt under tittelen «Politisk Tale paa Eidsvoll» i *Skrifter i Utval*, 4, 1887, s. 350–359; *Skrifter i Samling*, III, 1919 og 1993, s. 135–140; *Skrifter i Samling*, 3, 1946, s. 62–68. Tale i valkamp; Vinje nådde ikkje opp. Den første tredelen av talen er ikkje med i verkutgåvene.

Tale på fest for Anders Reitan i Kristiania 13.6.1868 TRYKK «For Reitan», *Dølen* 21.6.1868. Trykt under tittelen «Tale for Skolemeistarstanden» *Skrifter i Samling*, III, 1919 og 1993, s. 140–141; *Skrifter i Samling*, 3, 1946, s. 68..

«Ved Jaabækmøtet paa Hamar». *Dølen* 28.6. og 5.7.1868. Trykt under tittelen «Tale i eit Lag ved Jaabækmøtet paa Hamar» i *Skrifter i Utval*, 4, 1887, s. 360–362. Trykt utan første tredelen i *Skrifter i Samling*, II, 1917 og 1993, s. 292–298; *Skrifter i Samling*, 2, 1944, s. 287–292.

«Om Haandverk og Industri.» Seks foredrag i Kristiania Haandverkerforening vinteren 1868–1869. MANUSKRIPT Nasjonalbiblioteket Ms.4° 3485:2. Dobbelblad, nummererte 1–19. DIGITAL NBdigital: URN:NBN:no-nb_digimanus_257040. TRYKK Trykte etter manuskript under tittelen «Om Handverk og Industri». i *Skrifter i Utval*, 6, 1890, s. 287–320; *Skrifter i Samling*, III, 1919 og 1993, s. 141–172; *Skrifter i Samling*, 3, 1946, s. 69–98. Den sjette talen ligg berre føre i ein kladd og er ikkje med i 1890-utgåva. Siste halvdel av den talen, stroken over av Vinje, er ikkje med i 1919/1993 og 1946-utgåvene. Talane var truleg ein del av grunnlaget for talar i Bergen

1869

Tale i Christiania Skolelærerforening 13.1.1869. TRYKK «I Christiania Skolelærerforening», *Dølen* 17.1.1869. Trykt under tittelen «Tale for 'Damerne'» i *Skrifter i Utval*, 4, 1887, s. 363–364; *Skrifter i Samling*, III, 1919 og 1993, s. 172–174; *Skrifter i Samling*, 3, 1946, s. 98–99.

Tale på fest for fedreminnet i Kristiania 13.1.1869. TRYKK «I Laget til Fædrenes Minne». *Dølen* 21.2.1869. Første del trykt under tittelen «Tale for Tnormod Knutsen i 'Festen til Fædrenes Minde' 1869» i *Skrifter i Utval*, 4, 1887, s. 365; *Skrifter i Samling*, III, 1919 og 1993, s. 174; *Skrifter i Samling*, 3, 1946, s. 100. Tale på det som var blitt ein årvisst fest til fedreminnet.

Tale på fest for fedreminnet i Kristiania 13.1.1869. TRYKK «I Laget til Fædrenes Minne», *Dølen* 21.2.1869. Siste del trykt under tittelen «Skaaltale for Johan Sverdrup i 'Festen til Fædrenes Minde' 1869». *Skrifter i Utval*, 4, 1887, s. 366; *Skrifter i Samling*, III, 1919 og 1993, s. 174–175 (utan eit tillegg frå Vinje i *Dølen*); *Skrifter i Samling*, 3, 1946, s. 100–101.

«17de Mai». *Dølen* 23.5.1869. *Skrifter i Utval*, 4, 1887, s. 367–370; *Skrifter i Samling*, III, 1919 og 1993, s. 175–178. Tale, som neppe blei halden i denne forma.

Tale for Kristofer Janson i Kristiania 3.10.1869. TRYKK «Samlaget til Kristofer Janson». *Dølen* 3.10.1869. Trykt under tittelen «Tale i det norske Samlaget, i ein Fest for Kr. Janson» i *Skrifter i Utval*, 4, 1887, s. 371–372. Trykt under tittelen «Tale for Austmannalaget» i *Skrifter i Samling*, III, 1919 og 1993, s. 178–179; *Skrifter i Samling*, 3, 1946, s. 104. Tale på fest for Kristofer Janson i Det Norske Samlaget. Med nemninga «Austmannalaget» sikta Vinje til Samlaget, som eit motstykke til Vestmannalaget i Bergen – begge laga blei skipa i 1868.

Tale på velkomstfest for Vinje i Vestmannalaget 2.11.1869. REFERAT *Bergens Tidende* 3.11.1869; «Hr. A.O Vinje», *Bergensposten* 4.11.1869; «Bergensposten. Hr. A.O. Vinje», *Drammens Blad* 12.11.1869.

Foredrag i Bergen 4.11.1869. REFERAT «Vinjes Forelæsnings. I.» *Bergens Tidende* 5.11.1869; «Bergen», *Bergens Adressecontoirs Efterretninger* 6.11.1869; [Christian Geelmuyden]: «Om Vinjes første Forelæsming», *Bergens Adressecontoirs Efterretninger* 10.11.1869, redaktøren har kome til at avisa var for snill i referatet 6.11.; [Christian Geelmuyden]: [Redaksjonelt], *Bergens Adressecontoirs Efterretninger* 13.11.1869, redaktøren skjerpar tonen frå førre korrigerings 10.11.

«Om Arbeidets Adelskap.» Tale i Bergens Arbeiderforening 7.11.1869. MANUSKRIFT Nasjonalbiblioteket Ms.4° 3485:3 . Første halvdel med Vinjes hand, siste halvdel med Georg Griegs hand og rettingar av Vinje. I midten manglar eit blad. 4 dobbeltblad. DIGITAL NBdigital: URN:NBN:no-nb_digimanus_257041. TRYKK «Om Arbeidets Adelskap. (Tale i Bergen 7de November 1869)». *Fraa by og bygd* 1877, s. 145–151 og 161–166, med mange språkrettingar. Trykt etter manuskript i *Skrifter i Utval*, 6, 1890, s. 243–253; *Skrifter i Samling*, III, 1919 og 1993, s. 179–188, men med ein mindre del frå *Fraa Bygd og By*; *Skrifter i Samling*, 3, 1946, s. 105–114. Tale i arbeidarlaget i Bergen 7.11.1869. Georg Grieg skreiv siste delen av foredraget, skriv Olav Midttun i merknad i *Skrifter i Samling*, III, 1919 og 1993, s. 416.. REFERAT

«Bergen», *Bergens Tidende* 8.11. og 9.11.1869; [Georg Fasting]: «Hr. Vinjes annen Forelæsning», *Bergensposten* 13.11.1869.

”Om Vinjes Foredrag”. *Bergens Adressecontoirs Efterretninger* .11. og 18.11.1869.

«Om Kunstarbeid.» To foredrag i Bergen 11. og 15.11.1869 [feil oppgitt til 18.11. ein stad i *Vinje-bibliografien*]. MANUSKRIPT Nasjonalbiblioteket Ms.4° 3485:4. Georg Griegs hand med rettingar og tillegg frå Vinje. Dei fire siste sidene er med Vinjes hand. 63 s. DIGITAL NBdigital: URN:NBN:no-nb_digimanus_257042 TRYKK «Om Kunstarbeid. I–II». *Fraa by og bygd* 1879, s. 141–144, 149–157 og 166–172, med mange språkrettingar. Trykt etter manuskript i *Skrifter i Utval*, 6, 1890, s. 253–286; *Skrifter i Samling*, III, 1919 og 1993, s. 188–220; *Skrifter i Samling*, 3, 1946, s. 114–144. Olav Midttun skriv i merknad i 1919, s. 417 at det truleg er Georg Grieg som har skrivt så godt som heile talen. REFERAT «Vinjes Forelæsninger. II og III», *Bergens Tidende* 15.11., 16.11. og 19.11.1869 [avisa kallar dette misvisande Vinjes andre forelesing og nummererer attpåtil begge dei to første referatdelane II]; «A.O. Vinjes tredie Forelæsning», *Bergens Adressecontoirs Efterretninger* 17.11.1869; *Bergensposten* 17.11.1869; «A.O. Vinjes Fjerde Forelæsning», *Bergensposten* 21.11.1869.

«Om Klimatisme.» Foredrag i Bergen 19.11.1869. MANUSKRIPT Nasjonalbiblioteket Ms.4° 3485:5. Georg Griegs hand med hans og Vinjes rettingar, s. 17–19 Vinjes hand. Paginert 1–32. DIGITAL NBdigital: URN:NBN:no-nb_digimanus_257043. TRYKK «Om klimatisme», *Fraa by og bygd* 1878, s. 17–26, 33–38, 49–56, 65–76, og 81–89, med mange språkrettingar. Trykt etter manuskript i *Skrifter i Utval*, 6, 1890, s. 320–338; *Skrifter i Samling*, III, s. 220–237; *Skrifter i Samling*, 3, 1946, s. 114–161. REFERAT «A.O. Vinjes femte Forelæsning». *Bergensposten* 28.11.1869; «Vinjes Forelæsninger. IV.», *Bergens Tidende* 3.12; «Om Klimatisme», *Drammens Blad* 11.12.1869 etter *Bergens Tidende*.

«Komparativ Mythologi». Foredrag i Bergen 26.11.1869. REFERAT «A.O. Vinjes siette Forelæsning», *Bergensposten* 5.12.1869; «Vinjes Forelæsninger. V.». *Bergens Tidende* 13.12.1869.

«Om vaart nationale Stræv». Foredrag i Bergen 1.12.1869, til inntekt for tårnet på Bergenhus (også datoane 4.12., 5.12. og 8.12. er nemnde i ulike kjelder). TRYKK *Om vaart nationale Stræv. Fyredrag haldet i Bergen til Intekt for Taarnet paa Bergenhus af Aasmund Olafson Vinje*. Edv. B. Giertsen, Bergen 1869. 32 s. Innbinding: kombinert omslag og tittelblad. Halde 8.12.1869, utgitt desember 1869. REFERAT «Vinjes Foredrag», *Bergens Tidende* 9.12.1869; kort referat.

«Om Begepet Kaste eller Adskillelse i Stænder». Foredrag i Bergen 3.12.1869.

«Om Kastevæsen». Foredrag i Bergen, reprise for arbeidarane 5.12.1869.

Tale om Vestlandet og Austlandet på møte i Vestmannalaget 10.12.1869. REFERAT «Vestmannalagets Møde», *Bergens Tidende* 11.12.1869.

Tale på avskilfest i Vestmannalaget 12.12.1869. REFERAT «Afskedssexæen for Vinje», *Bergens Tidende* 13.12.1869; «En Avskeds-Sexa», *Bergensposten* 14.12.1869; *Drammens Blad* 22.12.1869 med fyldig referat av Vinjes tale.

Torleiv Hannaas: «Vinje i Vestmannalaget». *Vestmannalaget i femti aar*, Bergen 1918, s. 39–61 gir eit ovrсын med mange sitat frå avisene, men er langt frå komplett.

Vinjes 12 talar og foredrag i Bergen 1869

- 1 Tale på velkomstfest for Vinje i Vestmannalaget tysdag 2.11.1869
- 2 «Kunstarbeidets Historie» torsdag 4.11.1869
- 3 «Om Arbeidets Adelskap» søndag 7.11.1869
- 4 «Om Kunstarbeid. I» torsdag 11.11.1869
- 5 «Om Kunstarbeid. II» måndag 15.11.1869
- Heidersgjest på fest i Bergens Haandværkerlag onsdag 17.11.1869
- 6 «Om Klimatisme» fredag 19.11.1869
- 7 «Komparativ Mythologi» fredag 26.11.1869
- 8 «Om vaart nationale Stræv» onsdag 1.12.1869, til inntekt for tårnet på Bergenhus (også datoane 4.12., 5.12. og 8.12. er nemnde i ulike kjelder)
- 9 «Om Begepet Kaste eller Adskillelse i Stænder» fredag 3.12.1869
- 10 "Om Kastevæsen", reprise for arbeidarane søndag 5.12.1869
- 11 Tale om Vestlandet og Austlandet på møte i Vestmannalaget fredag 10.12.1869
- 12 Tale på avskilsfest i Vestmannalaget søndag 12.12.1869

1870

«Til Bergenske Handverkarar». Tale i Kristiania 24.1.1870. *Dølen* 30.1.1870. Trykt under tittelen «Tale i Christiania Handverkarlag» i *Skrifter i Utval*, 4, 1887, s. 373–376; *Skrifter i Samling*, III, 1919 og 1993, s. 256–259; *Skrifter i Samling*, 3, 1946, s. 180–183.

«Vaart nationale Stræv». Tale i Tønsberg 30.1.1870. REFERAT [Emil Olsen] i *Tunsbergere*n 2.2.1870. Også sitert i artikkel av Emil Olsen i *Tønsbergs Blad* 21.6.1926.

«Mythologi». Tale i Tønsberg 4.2.1870. REFERAT [Emil Olsen] i *Tunsbergere*n 5.2.1870. Også sitert i artikkel av Emil Olsen i *Tønsbergs Blad* 21.6.1926. Vinje heldt foredraget «Komparativ Mythologi» i Bergen 26.11.1869, men manuskriptet til dette har kome bort. Truleg var det same foredraget han heldt i Tønsberg.

«Kaste». Tale i Tønsberg 6.2.1870. REFERAT [Emil Olsen] i *Tunsbergere*n 9.2.1870. Nemnt i artikkel av Emil Olsen i *Tønsbergs Blad* 21.6.1926. Vinje heldt foredraget «Om Begepet Kaste eller Adskillelse i Stænder» i Bergen 3.12.1869, men manuskriptet til dette har kome bort. Truleg var det same foredraget han heldt i Tønsberg.

«Kaste». Foredrag i Larvik 9.2.1870. REFERAT «Laurvig», *Adressebladet* 16.2.1870, notis om Vinjes første foredrag i Larvik etter Laurvigs Blad, udatert. Nasjonalbiblioteket manglar årgangen; «Forskjelligt», *Adressebladet* 23.2.1870. Om Vinjes første foredrag i Larvik, etter Laurvigs Blad, udatert. Nasjonalbiblioteket manglar årgangen.

«Klimatisme». Foredrag i Larvik, ukjend dato. REFERAT «Om Vinjes Foredrag i Laurvig», *Aftenposten* 19.2.1870. Om Vinjes andre foredrag i Larvik, etter Laurvigs Blad, udatert. Nasjonalbiblioteket manglar årgangen.